



Lindås kommune/teknisk drift
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/497 - 16/4898

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
23.02.2016

Gbnr195/187 Leiknes. Løyve til deling av parsell til veg.

Eigedom: Gnr.195 bnr.187 Leiknes
Adresse for eiged.: 5915 Hjelmås
Type tiltak: Deling av grunneigedom, areal til veg
Heimelshavar: Lindås kommune
Søker: Lindås kommune

Saka gjeld:

Det vert søkt om løyve til å dele frå 163m² areal til veg. Arealet er del av reguleringsplan for Storneset, og vegparsellen skal overførast frå kommunen til brukarane av vegen.

Planstatus:

Arealet er del av godkjend reguleringsplan, og bruken av arealet vert ikkje endra i samband med deling. Dispensasjon er ikkje naudsynt.

Nabovarsel:

Det er ikkje sendt ut nabovarsel, men det er vurdert som unaudsynt i denne saka. Arealet skiftar eigar, men bruken vert ikkje endra. Tiltaket råkar ikkje andre enn dei som er nabo til vegen og som skal overta vegen etter deling.

Tilkomst/vassforsyning og avløp:

Deling får ikkje verknad for desse tilhøva. Dei eigedommane som skal overta ansvaret for vegen får ikkje endra tilkomst, men vegen vert ikkje lenger kommunal.

VEDTAK:

Med heimel i pbl § 20-1 bokstav m) vert det gjeve løyve til å dele frå 163m² veg frå gnr.195 bnr.187 slik det er søkt om. Deling er i samsvar med gjeldande plan, og godkjend bruk. Parsellen skal overførast til gnr.195 bnr.180, 189, 217 og 218.

Grunngjeving for vedtaket:



Kommunen vurderer søknad om deling etter pbl §20-1 og §26-1.

«Eigedom må ikkje delast på ein slik måte at det oppstår forhold som er i strid med pbl, forskrift, vedtekt eller plan. Heller ikkje må eigedom delast slik at det vert skipa tomter som etter kommunen sitt skjøn er mindre vel eigna til bygging på grunn av storleik eller form.»

Tiltaket er i samsvar med plan. Det gjeld areal til veg som alt er bygget, og vurdering av storleik er ikkje naudsynt. Arealet er 163m² veggrunn.

Private servittuttar kan vere til hinder for deling. Slike sevituttar vedkjem ikkje kommunen sitt løyve som er gjeve med heimel i plan- og bygningsloven.

Bortfall av løyve:

Dersom deling ikkje er gjennomført med oppmålingsforretning innan tre år etter at løyve til deling er gjeve, fell løyvet bort, jf. §21-9 i pbl.

Gebyr:

I samsvar med gebyrregulativet til kommunen, gjeldande for 2016, vert det sendt ut følgjande gebyr:
Deling i samsvar med reguelringsplan kr.4000,-.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort av Planavdelinga i høve til delegert mynde.

Klage:

Partane kan klage over avgjerda innan tre veker. Klagen skal stilast til overordna mynde, men sendast til kommunen, jf. §§ 28 flg. i forvaltningslova.

Med helsing

Arnold Matre
fagleiar

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Lindås kommune/teknisk drift

Kvernhusmyrane 5914
20

ISDALSTØ